



Det er høg støypekant i dette området, så steinen er større enn den kanskje ser ut på bildet, ca. 150 cm lang og halvmeteren brei. Gry Therese Nesse

Denne steinblokka dundra ned på vegen i Hopsstranda i natt

- Spesielt skremmande å tenkje på at den kunne ha treft skulebussen, seier mor i Hope.

Bjørn Grov
JOURNALIST

PUBLISERT 27.02.2026 - 10:19 SIST OPPDATERT 27.02.2026 - 13:58



- Nei, det er klart, hadde denne steinen treft bilen, så hadde det nok ikkje gått spesielt bra, seier Gry Therese Nesse om synet som møtte henne i Hopsstranda i Hyen i dag tidleg. Ho bur på Hope, og var på veg til jobb på Sandane i dei små morgontimane, då ho plutselig fekk sjå den store steinblokka som sto på kant oppetter den høge støypekanten langs vegen.

- Viktig å dokumentere

- Før eg kom dit, hadde eg køyrt gjennom noko is og rusk som var kome ned på vegen i løpet av natta. Men alvorret vart enda større då eg fekk sjå denne steinblokka, som var komen ned i løpet av natta. Gry Therese tok både bilete og mål av steinen, slik at ho kunne sende ein nøyaktig rapport inn til Statens Vegvesen.

- Dette er viktig, og noko eg oppmodar andre å gjere også viss dei kjem over steinar i vegbana her. Dokumenter det og meld frå, før ein evt. kastar steinane over støypekanten eller rekkverket. Skal ein få gjort noko med vegen er det viktig at dei som har ansvaret får inn slike rapportar.



Gry Therese Nesse oppmodar folk som kjem over steinar i vegbana i den farlege Hopsstranda om å dokumentere og sende melding til Statens Vegvesen, slik ho har gjort her. Gry Therese Nesse

Ein skikkeleg rugg

Denne steinblokka var ikkje råd å ta med handemakt. Gry Therese målte den til ca. halvanna meter lang, bortimot ein halvmeter brei og kring 30 cm tjukk. Ein skikkeleg rugg som kom dunderande ned frå fjellsida, med andre ord. Entreprenør var tidleg på plass, og klokka sju på morgningen var steinen fjerna frå vegen.

Gry Therese køyrer vegen gjennom Hopsstranda dagleg, og legg ikkje løynd på at ho ofte er bekymra, spesielt når veret slår om slik det har gjort dei siste dagane. Ho har framleis born som følgjer skulebussen, og tenkjer spesielt på kva katastrofe det ville vere om bussen skulle verte treft av ein stein som dette.

Tenkjer på skulebussen

- I periodar er denne vegen spesielt farleg, då kvir ein seg på å køyre her. Eg tenkjer spesielt på skulebussen og alle ungane våre i bygda her, seier Gry Therese Nesse.

Hennar og andre som er avhengig av denne vegen, kåra til Noregs nest dårlegaste, sitt fremste håp er at noko vert gjort før ei alvorleg ulukke hender.